

BOKN BYGDABLAD

NR 7 - SEPTEMBER 1993 - ÅRG. 8

UTGJEVAR.: BOKN KULTURKONTOR

NOREGSMEISTER I STAFETT

Trond Lindanger frå Bokn (medlem av GTI, Stavanger) har vore med på store bragder i sommar. Han er sannsynlegvis den første boknaren som kan kalla seg noregsmeister i ei idrettsgrein.

Under NM i friidrett i Tønsberg i sommar var han med på eit lag frå GTI som vart noregsmeistrar i 1000m. stafett. Samtidig sette dei ny norsk rekord på distansen. Trond sprang 2. etappe i stafetten. Dei

andre på stafettlaget var Jens Storhaug, Per Ivar Sivle, og Helge Farbrot.

Og ikkje nok med det. Tidlegare i sommar var Trond med på eit stafettlag som sette norsk rekord på 4x100 m. stafett. Dette stemnet var i Rendalen. Trond sprang her siste etappen

Flott prestasjon!

BRYR UNGDOMMANE I BOKN SEG?

I starten av juli gjekk det ut ei undersøking til ungdom i Bokn mellom 12 og 20 år.

Dei som fekk skjemaet på skulen svara alle som ein, men av dei 72 skjemaene som vart sende ut til dei andre, kom berre 13 tilbake. Det synes eg er synd. Dette var kanskje ein god mulighet til å forandra litt på forholda både i helger og elles.

Nå vil eg imidlertid senda ut ei ny undersøking, og denne gongen håper eg

verkeleg at ungdommane stiller opp og hjelper oss med å svara på kva ynskje dei har når det gjeld t.d.

fritidsaktiviteter. For politikarane kan heller ikkje vita kor skoen trykkjer - det må ungdommane sjølv fortelja. Nå har de ein sjanse til å gjera det. Bruk skjemaet som nå kjem i posten, og returner det i vedlagde svarkonvolutt, helst så snart som muleg.

Helsing fritidsleiaren.

FERIEMINNE

NOKRE ELEVAR FRÅ 2.KLASSE FORTEL

I SOMMAR

eg bada mase i sommar
Vi var i sommar land -
de var gøy. Vi stopa på fjele
de var en stor fos de var fint å se
på.

Marie Vatnaland

VI SKULE TIL SVERGJE
MEN DA VI KOM TIL FJELETT
RØYK gir-kaSEN SÅ VI MOTTE
PÅ FØRSTE CEMPING PLAS
OG MIT PÅ NATTEN KOM
RUNE OG HENTA OS OG NOR
VI KOM TIL MORMOR SÅV
ALE.

JA DET VAR DEN FERIE.

Marie Frøiland

Eg var i Kongeparken.

Eg låg i hytta.

Henriette Øvrebø

eg lerte å Stupa i somar
eg Bada mase i sommar
eg Bygde ei Fin Huta i Sommar
Helen Grønestad

På hytta
jeg har vært på hytta samen med
mor og Far
jeg pluket blåbær
jeg har gått tur og jeg har funet
Krystal
Therese


Vi har vore i Røldal. Vi Hade De
kjekt vi kjøpte blyant.

Vi Fik 52 Fiskar.

Vi sykla meN så Dat eg og slo kul
i håve.

De var så kjekt i sommar.

De var så Møje SNØ i sommar
hilsen CathriNe



PENSJONISTTUR TIL RENNESØY

Førtito kveke pensjonistar møtte opp på Arsvågen i passeleg varmt vær om morgonen kl. åtte den 24., dei skulle på tur.


"Masfjord" kom på prikken presis.

God plass, fin fjord, glade pensjonistar - alt etter ynskje.

I Mortavika sto formannen i Rennesøy pensjonistforening saman med Mary og Georg Våga og ein utruleg koseleg sjåfør, han kunne meir enn å kjøra buss. Me vart helsa så hjarteleg velkomne. Først gjekk turen til Sørbo kyrkja. Ho er frå ellevehundreåret. Her ga dei oss god tid. I eit uthus sto det ei eldgamal steinkiste laga etter kroppen på ein vel vaksen mann. Meininga var at me skulle få sjå Utstein Kloster både ute og inne, men stort innrykk av turistar gjorde at me kom ikkje inn, men måtte berre rusla kring husa og i tunet.

Middag på streket kl. 13.30 venta oss på Østhusvik bedehuset. Me var skikkeleg svultne etter å ha køyrt både oppå jorda og under vatnet og gått tur.

Formannen i Rennesøy pensjonistforening var vert, og hadde ordna alt så fint og godt. Skal seia det smakte. Kjøttkaker til "S" med alt tilbehør fekk føter å gå på. God dessert saman med kaffi, talar, vitsar, song og



trekkspel. Me hadde det altså **gildt**.

Målfrid takka pent for maten i vel valde ord. Me andre klappa og var enige, **alt var såre vel**.

Siste stopp var besøk hos ein storprodusent av tomater. Du store tid. Trykk på knappar og sjå på tavla så ordna det seg mest alt. Slutt på arbeidshender og vonde rygger, nei kor gjekk det for seg, storveges, men og begrædelegt over og ut med menneskeleg arbeidskraft.

Dagen gjekk fort og best det var sto me i Mortavika.

Turen heim var herleg.

Utsyn over fjorden og innerter Ryfylkeøyane **oppå vatnet**.

Det var vakkert.

Vel heime på Arsvågen i god tid for gamle folk var me.

Takka for laget på ein gild og fin tur.

Elise.

LIKNINGA FOR 1992 FRAMLAGD: 15 MILLIONÆRAR I BOKN

Det er flest bønder blant dei 15 millionærane i Bokn. Deretter kjem pensjonistar og fiskebåtreiarar.

Når det gjeld dei med høgast inntekt, dominerer dei som har arbeid i Nordsjøen. Her er listene:

Størst inntekt

Navn	Inntekt	Skatt
Oljearbeider Ingvar Alvestad	635.500	287.863
Skipsfører Magne A Bokneberg	438.300	164.576
Oljearbeider Ole Øvrebø	430.700	185.645
Disponent Kleng Matias Våga	406.800	170.840
Oljearbeider Geir Tore Christiansen	387.400	172.139
Oljearbeider Helge Kristian Nilssen	377.400	169.225
Oljearbeider Kjell T Bryningsland	355.100	135.019
Bonde Sigvart Våga	351.100	123.571
Oljearbeider Rune Vatnaland	350.900	148.344
Oljearbeider Johannes Svendsen	346.900	146.026
Oljearbeider Malvin Edgar Jensen	335.300	177.680
Oljearbeider Gunnar Emil Bokneberg	333.800	140.186
Oljearbeider Edgar Våge	333.100	134.588
Oljearbeider Alf Alvestad	328.200	140.042
Ingeniør Jan Høydal	322.300	139.640

Størst formue

Navn	Inntekt	Skatt	Formue
Fiskebåtreder Magne Alvestad	189.300	79.520	2.615.000
Pensjonist Tor Alvestad	240.500	83.746	1.791.000
Bonde Sigvart Våga	351.100	123.571	1.579.000
Bonde Ingolf Borgvald Are	303.100	107.180	1.545.000
Bonde Mathias Grønnestad	186.900	62.964	1.399.000
Småbruker Johnny S Svendsen	128.400	46.002	1.356.000
Fiskebåtreder Lars M. Alvestad	118.900	44.257	1.346.000
Bedriftseier Harald Nygård	158.600	65.361	1.306.000
Bonde Edvin Øvrebø	191.400	68.722	1.259.000
Bonde Kjell Kro	155.700	51.243	1.200.000
Pensjonist Berge Lygre	193.400	60.201	1.184.000
Bonde Sverre Bryningsland	107.500	36.320	1.157.000
Industriarb. Dagfinn Bokneberg	232.800	88.083	1.107.000
Bonde Håkon Bokneberg	171.600	57.300	1.070.000
Pensjonist Bjarne J. Våge	124.200	39.697	1.029.000

HEIMEKOMPOSTERING

Førstkommande kommunestyremøte blir forslag til retningslinjer for heimekompostering i kommunen lagt fram til handsaming. Retningslinjene er handsama av teknisk hovudutval og helseråd/ kommunelege.

I framlegget er det også innarbeida forslag om subsidiert innkjøp av varmeisolert kompostkasse for eit vist antal husstandane som ynskjer å prøve heimekompostering (varmkompostering) av mat- og hageavfall.

Med forbehold om kommunestyre si godkjenning ynskjer vi å vite kor mange husstandar som kan tenkje seg å vere med på prøveordninga. Ta kontakt med teknisk etat el. miljøvernleiar i kommunen. (dei som allereie har meldt si interesse treng ikkje ta kontakt på nytt).

miljøvernleiar



HOBBYBRAKKA BLIR "HOBBYKJELLEREN"

Frå 1. september blir det fest på Grønnestad - for endeleg er det slutt på det trange tilværet for "Hobbybrakkka". Nå er det ikkje lenger "brakkka" som er treffstaden for alle hobbyinteresserte, men nye lokale i kjellaren idet nye huset til Solrunn og Odd.

Arealet er blitt mange gonger større, og dei som stikk innom kan også ta ein pause og ein prat i ein liten "kosekrok".

"Hobbykjelleren" vil markera nyåpninga med kaffi og kaker til alle besøkjande den første veka, samt eit

åpningssal på ein del "godbitar" så langt dei rekk.

Utover hausten vil det bli lagt opp til ulike aktivitetar, f.eks. kurs og hobbykveldar for store og små.

"Hobbykjelleren" vil stort sett halda fram med same type varer som tidlegare, med med litt utviding på garn og husflid. Ei anna viktig endring blir åpningstida som blir ein halv time seinare (treng middagsro). Det vil bli åpningstid frå kl. 17.30 - kl. 19.30.

Bokn Bygdablad gratulerer med fine lokale og ynskjer "Hobbykjelleren" lukke til.

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : kl.10.00 - 13.30
ONSDAG : kl.16.00 - 19.00
TORSDAG : kl.10.00 - 13.30

LESETIPS FOR SEPTEMBER

BARN OG UNGDOM

Ambjørnsen, Ingvar:
Etter orkanen

Bringsværd, Tor Åge:
Nesegrevet

Haagenrud, Grete:
Sofie og Katrine

Mosberg, Ingunn:
Regnskoghagen


VAKSNE

Nygårdshaug, Gert:
Cassandras finger

Bukkøy, Judith
Klaus

Krantz, Judith:
Rampelys

Joyce, James:
Ulysses



**BIBLIOTEKET -
gratis å spørje
gratis å få svar**



SALG AV UAKTUELLE BØKER

Frå torsdag 09.09.93 vil uaktuelle bøker
bli lagt ut for salg.
Pris frå kr.10,-pr.bok

ALLEMANNSRETTE

FRI FERDSEL I NORSK NATUR

Sommaren er på hell, tyttebæra er forlengst modne og lyser raudt nede i lyngen. Snart set haustfargane inn. Klare, friske haust dagar innbyr til friluftsliv,- men kva slags retter/ plikter har ein som turgåar ?



Allemannsretten er ein del av kulturarven vår. Til alle tider har allmennheten hatt rett til å ferdast i skog og mark, og til å hausta av naturen sine goder. Men retten forpliktar også. Naturen må forlatast i same stand som vi ynskjer å finna den.

Lov om friluftslivet (1957) (friluftslova) sikrar den frie ferdselsretten. Ferdsl i naturen skal etter lova ikkje føra til "utilbørlig skade for eigar el. bruker, og ikke være til utilbørlig plage for privatlivets fred". Ferdsl er i utgangspunktet fri i utmark, men meir begrensa på innmark.

INNMARK er all dyrka jord, åker, eng, tilplantingar, hagar o.l. Engslått, kulturbeite, skogplantefelt, hustomter og gardsplassar reknast også som innmark.

UTMARK er udyrka mark. Hovuddelen av vatn, myr, hei, skog og fjell i Norge er utmark.

Etter allemannsretten har du rett til :

- ferdast fritt til fots og på ski i naturen
- ferdast over dyrka mark om vinteren (når marka er frosen)
- bruka kano, kajakk, ro el. seglbåt i vatn og vassdrag

- ta pause, raste, slå leir og overnatte i naturen
- sykle og ri langs stiar og vegar i utmarka
- bade i sjøen, vatn og vassdrag (ikkje ved drikkevannskilder)
- ferdast fritt i båt, fortøye og gå i land i utmark langs kysten.
- plukke ville bær, sopp o.l. (gjeld ikkje multer i Nord-Norge.)

Du pliktar å :

- ikkje trække i dyrka mark og eng
- ikkje ferdast i skogplantefelt på barmark (frå plantene er sett ut til dei har nådd kne-høgde)
- brette, skjære eller på annan måte skade planter og tre
- uroa dyr og fuglar, inkludert reir og ungar
- øydelegga gjerder
- bruk av ild og opptenning av bål er forbudt i perioden 15.4 til 15.9 (dette gjeld ikkje på snaufjellet)
- I sjøfuglreservat er det ferdselsforbud i hekketida : 15.04 - 15.07. Reservata strekker seg 50 m ut i sjøen.

"Friluftslivets gyldne regel" :
Spør om løyve hvis du er i tvil om rettane dine !

GOD TUR !

miljøvernleiar

Jentene på Fladholmen fyr

Svein Håland, Kleppe, etterlyste i «Brev i dag» sangen om «Jentene på Fladholmen fyr». Lars M. Reiestad, Varhaug, hørte en av jentene syngre den for en del år siden ved en tilstelning på Varhaug. Her er teksten.

*Du fik ingen Kiste, du fik ingen Krans,
ei Klokker, ei Salmesang.
Men skumhvite Bølger, de går uten stans
over Leiet på brune Tang.
Vi kan ei — som andre — få pynte din Grav
med Blomster og Støtte blank.
Vi ser kun det mørke, det rullende Hav
og Stedet omtrent hvor du sank.
Kom hjem, vår Broder, kom hjem.*

*Men Søster, se solen der borte i vest
strør Havet med Perler full.
Ja, Vårherre, han pynter nok Graven hans bedst
med Blomster av skjøre Guld.
A Far, ja du vet jo at Viljen vi har
det var nok det sidste du så.
Vi kunde jo ei for at Kræfterne var
i Stormen så altfor smaa.
Kom hjem...*

*Nu Lykten der ude på Fladholmen fyr
av Barnehænder er tændt.
Og Natten igjennem til Morgenens gryr
går der Tanker om hva som er hændt.
Nu straalder fra Fyret, de lyser mod Land..
end ind til de tusinde Hjem.
Der findes nok en eller anden som kan
ha Hjerte ogsaa for dem.
Kom hjem...*

Det er oppyst at det var en bror til jentene som skrev dette diktet.

Ovannemnde avisutklipp og song er tatt frå ei eldre utgåve av Stavanger Aftenblad. Songen er godt kjend på Bokn.

BRUK HOVUDET – BRUK HJELM

Ungane på Bokn har vore ganske flinke til å bruka hjelm. Vi vaksne heller dårlege. Men nå ser det ut for at mange av

ungane og legg hjelmen att heime. Helsestasjonen vil minna om 5 gode grunnar til å bruka hjelm.

- 1. Syklistar er spesielt utsett for ulukker i trafikken.*
- 2. Moderne girsyklar kan gi høg fart.*
- 3. 1/3 av alle skader etter sykkeluhell er hovudskader.*
- 4. Hjernen er vanskeleg å reparera og kan ikkje skiftast ut.*
- 5. Sykkelhjelmen kan redde livet ditt.*

- Foreldre og born, vaksne og ungdomar - fram med hjelmen - redd liv.
- Bruk hovudet - bruk hjelm.
- La hjelmen ta støyten!



TELEFONKATALOGOMSLAG

I løpet av september vil alle som har telefon i Bokn få eit telefonkatalogomslag utført i hard plast. På omslaget er det trykt reklame for næringslivet på Bokn, eller næringsliv som har tilknytning til Bokn.

Omslaget blir utlevert gratis til alle telefonabonnentar i kommunen. A & O Video ans har stått for oppdraget med å få dette utført i praksis, men det hadde ikkje vore muleg utan at brorparten av næringslivet hadde stilt opp.

A & O Video ans oppfordrar alle om å ta omslaget i bruk. Det kan vera "kjekt å ha".

LÅNERENTA GÅR NED

Renta på nye 1. prioritetslån ned mot 7,5% nom. rente frå 1. sept.

SR-BANK overtek no mange lån frå statsbankar og andre lånegjevarar fordi det lønner seg for kunden.

Går du med slike tankar du og - kom innom i banken, be om eit tilbud frå oss - det kostar ingenting.

Tenkjer du nytt lån eller refinansiering av eksisterande lån, diskuter det gjerne med oss, - råd, rettleiing og eit lånetilbud kostar ingenting..

Alle eksisterande lån får rentenedgang 15. sept. med mellom 0,5% og 1,75%. Dei fleste bustadlån får rentenedgang med mellom 1,0% og 1,5%. Eiga melding kjem i posten ca. 14. sept.

Viss du meiner at du har for høg rente på ditt noverande lån i SR-BANK er du alltid velkommen i banken for å drøfta dette.

Bruk banken i lokalsamfunnet og ten på det!!




KULTUR- OG NÆRINGSSEMINAR

BOKN/TYSVÆR/VINDAFJORD KVINNEFORUM I SAMARBEID
MED DEI RESPEKTIVE KOMMUNANE ARRANGERER

Den 25. september arrangerer BTV Kvinneforum eit motiverings- og inspirasjonsseminar i Tysvær kulturhus. Seminaret skal leggja vekt på kultur og kva potensiale som ligg i næringsutvikling i kulturarven. Seminaret er lagd opp for små og

mellomstore bedrifter, men også andre interesserte er velkomne. Det er ei seminarutgift p kr. 200,- som dekker både seminar og bevertning om kvelden. Sjå utsend brosjyre., eller kontakt BTV Kvinneforum, v/Guri Øygard, 5574 Skjold.



SPEIDARANE GJEKK TIL SJØS

Helga 20. -22. august reiste rundt 30 speidarar frå Bokn med leiarar frå Bokn i den tidlegare redningsskøyta Olav Østensjø jr. med retning Bergen. Dei reiste frå Bokn fredag ved middagstider, og etter eit proviantstopp i Haugesund drog dei vidare den nye leia nordover og stoppa for natta i Bekkjarvik i Austevoll.

Etter ein kveld med vanlege speidaraktivitetar gjekk dei til sengs, rundt 20 i skøyta, og resten i telt på land.

Dagen etter bar det til Bergen kor dagen gjekk med sightseeing m.a. på Fløyen, Akvariet, museum og Bryggen. Ja, i Bergen unna speidarane seg til og med den luksusen at dei kjøpte seg middag! Elles foregjeikk all matlaginga ombord.

Sørover att gjekk turen ei anna lei, om Lysefjord. På sundagen var dei og innom Mosterhamn og såg på Amfiet og andre fomminne.

Over Sletta på heimturen var det nok litt meir rulling enn normalt, og det var nokl dei som kjende det godt i magen. Men tilbake i Bokn sundag kveld var nok det gløymt. Leiv Våga seier til bygdabladet at turen gjekk heilt fint. Augustin Thuestad var skipper, men speidarane fekk prøva seg med rortørn ipuljevis. Elles fekk dei læra meir maritime fag som spleising, knutar, m.v.

Bokn-speidarane og leiarane har tidlegare i sommar pussa opp skøyta, og har mulighet til å leiga ho også seinare.

FEIING 1993

Huseiere som ønsker feiing kan kontakte Edvin Øvrebø innen den 13. september. Tlf. 04 74 85 90
BRANNSJEFEN

TIL SALGS

Skjellsand kr. 110,- pr. 7 hl. utkjørt.

Har og sand, singel og grus.

*Jakob Ullenes, 4150 Rennesøy
tlf. 0451 32 87*

mobil 060 70873

IDRETTENS- OG FRILUFTSLIVETS DAGER

Den 4. og 5. september 1993 vil idrettens- og friluftslivets dager bli markert ved arrangementer i kommunene Vindafjord, Bokn, Tysvær, Sveio, Karmøy og Haugesund.

Målet med markeringen er:

- * Synliggjøre det mangfold av muligheter som finnes i kommunene og regionen innen idretts- og friluftssektoren
- * Vise bredden i foreningslivet og de tilbud som her finnes
- * Knytte regionen tettere sammen ved å kjøre arrangementene samtidig

I alle kommuner er der etablert kommunekomiteer som planlegger aktiviteter for å synliggjøre de muligheter og tilbud kommunene kan tilby innen idretts- og friluftslivssektoren.

En rekke friluftslivsarrangement går av stabelen disse dagene. Samlet sett vil dette gi et meget variert tilbud både i presentasjon av aktiviteter og områder med gode friluftslivsmuligheter. Vi tror dette er en god anledning for folk til å få nye impulser om de tilbud som egentlig finnes. Arrangementene vil også synliggjøre en del av de mange lag og foreninger som har friluftsliv som en viktig del av sin aktivitet. Nord- Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd og kommunene vil stå som koordinator av arrangementene.

I Norge (og ikke minst i vår region!) er vi velsignet med en rik og variert natur som danner grunnlaget for et allsidig friluftsliv. Norske friluftstradisjoner er også nedfelt i Friluftsloven som sikrer fri ferdsel i utmark. Friluftsliv har en rekke positive "bivirkninger" og er i tillegg gratis. Så her er det bare å sette i gang!!! Ja, du vet vel at 1993 er FRILUFTSLIVETS ÅR?

For de som er sportsinteresserte kan regionen vår stort sett tilby muligheter for å drive den sport du er interessert i. Vi har i dag mange, gode og varierte typer anlegg. Det er få steder i Norge at det innenfor en avgrenset region finnes den variasjon og kvalitet på anlegg som her.

Det interkommunale samarbeidet om idrettsanlegg har gitt oss "spesialanlegg" av internasjonal standard. La oss nevne Kano- og kajakkanlegget i Tysvær, Lysløypa i Vindafjord og BMX/motorsportanlegget på Karmøy som eksempler på dette.

Enten det er innendørs- eller utendørsidrett du ønsker å drive, så vil du finne både klubber og anlegg i regionen.

På lørdag den 4. og søndag den 5. september vil de fleste anleggstyper være åpne for publikum og aktiviteter vil finne sted både på idrettsanlegg og i friluftsområder.

REGIONEN MED DE MANGE IDRETTENS- OG FRILUFTSTILBUD!!

STORTINGS- OG SAMETINGSVALET



BOKN KOMMUNE

Stortingsvalet og sametingsvalet er måndag 13. september.

Dersom du ikkje kan møte opp i vallokalet på valdagen på grunn av sjukdom eller at du er ufør, kan du sende ein søknad til valstyret og be om å få stemme heime eller der du held til. Det er ikkje nødvendig å ta kontakt med valstyret dersom du er innlagt på eller bur på institusjon der det blir arrangert førehandsstemmegjeving.

I brevet til valstyret må du opplyse om:

- kvifor du ikkje kan møte opp i vallokalet,
- fullt namn, fødselsår og fødselsdato,
- nøyaktig adresse(r) heilt fram til 11. september.

Ein person over 14 år må stadfeste skriftlig at ho/han kjenner deg og at du er så sjuk eller ufør at det ikkje er mogleg for deg å møte fram i vallokalet på valgdagen.

Dersom du ikkje kan underteikne brevet sjølv, må du få ein person over 14 år som kjenner deg, til å underteikne brevet. Denne personen må underteikne brevet med sitt eige namn.

Er det vanskeleg for deg å skrive, kan du ringje til rådhuset.

Ein stemmemottaker oppsøker deg seinare (før 11. september) og tek imot stemma di.

Ønskjer du å stemme ved sametingsvalet også, treng du ikkje søkje særskilt om det. Brevet er søknad for begge vala.

Søknad om å stemme heime må vera mottatt av valstyret i Bokn innan 7. september. Adressa og telefonnummeret til valstyret er:

BOKN VALSTYRE
4290 BOKN
TLF. 04-748500.

Bokn. 29/8-1993
Leif Vatnaland
valstyrets leiar.





BOKN KOMMUNE

LEDIG STILLING SOM REINHALDSASSISTENT

Stilling som reinhaldsassistent er ledig på venterommet i Føresvik.

Arbeidstid pr. veke er 4 timar.

Nærare opplysningar kan ein få ved å kontakta formannskapskontoret.

Søknad senes formannskapskontoret innan 10. september 1993.

Bokn kommune, den 26.08.93

HALLO KJEKKE HUSMØDRE PÅ BOKN

Me prøver ein gong til å få helsa på fleire av dykk, me vart litt uheldige i vår då me valde dag. Men dei kjekke kånene i Tysvær Husmorlag er like ivrige etter å be dykk til ein hyggeleg kveld. Me har fått tak i ei dame som skal visa oss mykje fint med tørka blomster. Så - vær så god - fyll opp bilen og kom til Tysvær våg Grendasenter måndag den 27. sept. kl. 19.00.

Helsing oss i Tysvær Husmorlag.

KVA GJER ME AV GREINER OG KVIST I BOKN

Kommunen vil no ta til med å lagra kvister og greiner i steinbrotet nord for fiskerihamna. Her kan og private kvitta seg med kvistene. Me vil leiga inn ein flisekuttar med visse mellomrom og kutta opp desse. Oppkutta kvistar er fint som

underlag i stiar, og som jorddekning i hagen. Ein vil og få betre resultat i kompostbingen med å bruka litt flis innimellom avfallet. Lykke til med hageryddinga! Og hugs berre greiner og kvistar i steinbrotet.

KYRKJEBYGD VANNVERK

Vannforbruket er for tida unormalt høyt. Årsaka kan være lekkasjer hos en del av abonnentene. Teknisk etat ber om at alle kontrollerer kraner og koplinger og snarest reparerer eventuelle lekkasjer.

Teknisk sjef.

ETABLERINGSLÅN

Bokn kommune har til nå i 1993 lånt ut det meste av dei midlane ein hadde til rådvelde i etableringslån. D.v.s. mest 500.000.

Det er ikkje tatt standpunkt til om kommunen skal låna inn meir frå Husbanken for vidare formidling av etableringslån i 1993.

OVERSIKT OVER FRITIDSAKTIVITETAR

HAUSTEN/VÅREN 1993/1994

Mandag.

14.00 - 16.00	Bokn Musikkskule	Musikkrom
14.15 - 15.00	-"-	Kjøkken
16.30 - 18.00	Bokn Skulekorps	Gymsal
18.00 - 19.30	Bokn Musikkskule	Gymsal
19.45 - 21.00	Bokn Idrettslag (BIL) -volleyball	Gymsal

Tirsdag.

15.30 - 17.30	Idrettsskulen /barnetrim	Gymsal
18.00 - 21.00	Speidaren	
19.00 - 21.30	Bokn Brass	Gymsal

Onsdag.

15.30 - 19.00	BIL -Aldersbestemte lag	Gymsal/ute
18.30 - 21.30	Petra	Gamleskulen
19.00 - 20.30	BIL -A-laget	Gymsal/ute
20.30 - 21.30	BIL -Dametrim	Gymsal

Torsdag.

17.00 - 19.30	Bokn Skulekorps	Gymsal/Mus.rom Tekstil
18.00 - 19.00	Bokn Skulekorps	Kjøkken
19.00 - 21.00	7 up -diskodans	Gamleskulen
20.00 - 22.00	BIL -Herretrim	Gymsal

Fredag.

16.00 - 19.00	BIL -Aldersbestemte lag	Gymsal/ute
19.00 - 21.00	BIL -A-laget	Gymsal/ute
20.00 - 23.30	Petra/Diskoteket -Moro utan rus	Gamleskulen

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune, kulturkontoret
4290 Bokn, tlf. 04 74 85 00
Postgirokonto 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto 3373.07.00305

BYGDABLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300,-
Halv side: kr. 150,-
1/4 side: kr. 75,-
1/8 side: kr. 50,-
Små privatannonsar: kr. 10,-

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd. 10 nr. årleg

ARRANGEMENT

5.sept: NMS har Misjonsfest på
Bokn Bedehus kl.19.00.
Klaus Muff og Roar Vik
vert med.

25. sept: **DANS PÅ BOKN**
SKULE Arr: Disk./Skyttarl.

LENSMANN

1. fredag i mnd. kl. 10 - 12 i
Boknatun.

ØNSKES KJØPT

Lekegrind og barnestol ønskes
kjøpt.
Tlf. 04 74 84 95

Hjarteleg takk til alle som
hugsa meg på 80 års dagen.
Ragna Våge

Takk for oppmerksomheten til
alle som hugsa meg på 80 års
dagen
Olga H. Alvestad



05.09. KL. 11.00: Gudsteneste
26.09. KL. 11.00: Gudsteneste
Presentasj. av konfirmantane
10.10. KL. 11.00: Gudsteneste
(Hausttakke-)

Soknerådsvalet 1993 i Tysvær Prestegjeld

Bokn kyrkje søndag 10.10.
etter gudstenesta og til kl.
13, førehandsrøysting i
kyrkja onsdag 6.10. kl.
18-20. Førehandsrøysting
kan og gjerast i kontortida
på kyrkjekontoret i Aksdal
veka føre valet.
Vallistene vert kunngjort i
Kyrkjetonar og i kyrkjene
siste gudstenesta føre val-
dagen.

FOTPLEIE

Det vert fotpleie onsdag den 8.
september.
Påmelding til sosialkontoret tlf. 04
74 85 00